

Forskrift om fritak for smittekarantene - Samnanger kommune, Vestland

Heimel: Fastsett av formannskapet i Samnanger kommune 20. august 2021 med heimel i forskrift om smitteverntiltak mv. ved koronautbruddet § 4b (covid-19-forskriften).

§ 1. Formål og virkeområde

Føremålet med forskrifta er at unge skal ha ein mest mogleg normal kvardag med vanlege skuletilbod samstundes som det er smittevern-faglege tiltak for å hindre eller avgrense spreiding av covid-19.

Forskrifta gjeld innbyggjarar og skuleelevar i Samnanger kommune.

§ 2. Fritak frå smittekarantene

Smittekarantene i høve til covid-19-forskrifta § 4b første ledd bokstav b gjeld ikkje for elevar og studentar over 18 år i opplærings- og utdanningsverksemdar i Samnanger kommune når dei ikkje er husstandsmedlemmar eller tilsvarande nære kontaktar til den smitta personen, om dei gjennomfører testing i samsvar med retningslinjer frå kommunen.

Dersom testing ikkje lar seg gjere må heile karanteneperioden gjennomførast.

Personar som utviklar symptom på covid-19 skal gå i isolasjon. Føresegna i covid-19-forskrifta § 5 sjuende ledd første punkt, og § 7 andre ledd gjeld.

§ 3. Ikrafttreding

Forskrifta trer i kraft 20. august 2021.